

Saksnr: 2019/15-1
Saksbehandlar: Thorbjørn Aarethun

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesting		15.10.2019

Vestlandsrådet - ny samarbeidsavtale frå 01.01.2020**Forslag til vedtak**

Fylkestinget vedtek ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet frå 01.01.2020, slik den ligg føre.

Samandrag

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Frå 1. januar 2020 vert Sogn og Fjordane og Hordaland slått saman til Vestland fylkeskommune.

Samstundes vert ny kommunelov sett i verk frå 1.1.2020. Den inneheld nytt regelverk for samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar. Det er altså to grunnar til at samarbeidsavtalen om Vestlandsrådet må reviderast, frå 01.01.2020. Samarbeidsavtalen må tilpassast frå fire til tre fylke, og i høve til ny kommunelov.

Prosjektleiar ser på Vestlandsrådet som eit viktig og nødvendig samarbeidsorgan for fylkeskommunane på Vestlandet, og vil tilrå at fylkestinget vedtek den nye samarbeidsavtalen slik den ligg føre.

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.

Vedlegg

- 1 Forslag til ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet frå 01.01.2020

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vestlandsrådet er eit politisk samarbeid mellom fylkeskommunane Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland. Frå 1. januar 2020 vert Sogn og Fjordane og Hordaland slått saman til Vestland fylkeskommune.

Samstundes vert ny kommunelov sett i verk frå 1.1.2020. Den inneheld nytt regelverk for samarbeid mellom kommunar og fylkeskommunar. Det er altså to grunnar til at samarbeidsavtalen om Vestlandsrådet må reviderast, gjeldande frå 01.01.2020. Samarbeidsavtalen må tilpassast frå fire til tre fylke, og i høve til ny kommunelov.

Prosjektleiari legg med dette fram sak om ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet. Denne saka vert og lagt fram likelydane for dei to andre fylkeskommunane i samarbeidet.

Vedtakskompetanse

Fylkestinget, jfr § 18-4 i ny kommunelov

Vurderingar og verknader

Økonomi: Medlemskontingent, utover det ingen direkte verknad

Klima: Mulig prosjektsamarbeid på tvers av fylkesgrenser på klimaområdet

Folkehelse: Ingen direkte verknad

Regional planstrategi: Utvikling av samfunnsutviklarrolla i eit landsdelsperspektiv

Ny kommunelov

Representantskap i interkommunalt politisk råd

Paragraf 18-3 i ny kommunelov regulerer rammer for det øverste organ i eit interkommunalt politisk råd på følgjande måte:

«§ 18-3.Representantskap

Representantskapet er det øverste organet i et interkommunalt politisk råd. Samtlige deltakere i rådet skal være representert med minst ett medlem i representantskapet. Hvert kommunestyre eller fylkesting velger selv sine medlemmer og minst like mange varamedlemmer. Også medlemmer av kommunerådet og fylkesrådet kan velges. Hvis ikke noe annet er fastsatt i samarbeidsavtalen, velger representantskapet selv sin leder og nestleder. Det kan fastsettes i samarbeidsavtalen at vervene som leder og nestleder skal gå på omgang mellom deltakerne.

I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform kan kommunestyret eller fylkestinget selv fastsette at kommunerådet eller fylkesrådet skal velge kommunens eller fylkeskommunens medlemmer. Kommunerådet eller fylkesrådet kan videredelegere denne myndigheten til enkeltmedlemmer av rådet hvis ikke kommunestyret eller fylkestinget har bestemt noe annet.

Representantskapets medlemmer og varamedlemmer velges for fire år hvis ikke noe annet er fastsatt i samarbeidsavtalen. Den enkelte deltakeren kan selv når som helst ved nyvalg skifte ut de medlemmene og varamedlemmene som deltakeren selv har valgt. Nye medlemmer og varamedlemmer velges for resten av valgperioden.

Representantskapet kan selv opprette andre organer til styring av rådet. Representantskapet velger selv en leder, en nestleder og øvrige medlemmer og varamedlemmer til slike organer.»

Samarbeidsavtale

Paragraf 18-4 i ny kommunelov regulerer rammer og innhold i ein samarbeidsavtale for interkommunalt politisk råd på følgjande måte:

"§ 18-4.Samarbeidsavtale

Når det opprettes et interkommunalt politisk råd, skal det inngås en skriftlig samarbeidsavtale mellom alle deltakerne i rådet.

De enkelte kommunestyrene og fylkestingene i alle deltakerkommunene skal selv vedta samarbeidsavtalen og avtaleendringer som gjelder noen av momentene nevnt i fjerde ledd.

Representantskapet vedtar selv endringer i de delene av samarbeidsavtalen som gjelder andre forhold enn de som er nevnt i fjerde ledd. Slike endringer vedtas med minst 2/3 av de avgitte stemmene hvis ikke noe annet er fastsatt i samarbeidsavtalen. Det kan også fastsettes i samarbeidsavtalen at slike endringer skal vedtas av kommunestyret eller fylkestinget selv i samtlige deltakerkommuner.

Samarbeidsavtalen skal fastsette:

- a) rådets navn
- b) om rådet er et eget rettssubjekt
- c) hvor mange medlemmer den enkelte deltakeren skal ha i representantskapet
- d) hvilke saker rådet skal kunne behandle
- e) hvilken myndighet som er lagt til rådet
- f) den enkelte deltakerens eierandel i rådet og ansvarsandel for rådets forpliktelser hvis ansvarsandelen avviker fra eierandelen
- g) hvordan deltakerne kan tre ut av rådet
- h) hvordan rådet skal oppløses, blant annet hvem som skal ha ansvaret for oppbevaringen av rådets arkiver etter at rådet er oppløst»

Vedtak i Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har på møte, 21.juni 2019, handsama forslag til ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet, og gjort følgjande vedtak:

«Vestlandsrådet rår til at Møre- og Romsdal, Vestland og Rogaland vedtek framlegg til ny samarbeidsavtale slik han ligg føre. Dette inneber at dei tre samarbeidande fylka har like mange representantar og betaler like stor kontingent til rådet.

Kvart av dei tre fylka oppnemner 6 representantar kvar til Vestlandsrådet.

For 2020 betalar kvart fylke kr 600.000. Dette vert innarbeidd i samarbeidsavtalen.»

Forslag til ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet

Med grunnlag i vedtaket til Vestlandsrådet, 21.juni 2019, vert det tidlegare framlagte forslaget til ny samarbeidsavtale for Vestlandsrådet no likelydande lagt fram for dei tre fylkeskommunane i samarbeidet.

Forslaget til samarbeidsavtale framgår av vedlegget i saka.

Konklusjon

Prosjektleiar ser på Vestlandsrådet som eit viktig og nødvendig samarbeidsorgan for fylkeskommunane på Vestlandet, og vil tilrå at fylkestinget vedtek den nye samarbeidsavtalen frå 01.01.2020, slik den ligg føre.